

# ÅRSPLAN FOR BRUNKEBERG OPPVEKSTSENTER, AVDELING BARNEHAGEN.

*Barnehageåret 2022/2023*



|   |    |
|---|----|
| <b>Innhald</b>                                  |    |
| <b>Føremålet med barnehagen</b> .....           | 2  |
| <b>Barnehagen sitt verdigrunnlag</b> .....      | 3  |
| <b>Om oss</b> .....                             | 3  |
| <b>Fagområde og progresjon</b> .....            | 4  |
| <b>Kartlegging</b> .....                        | 9  |
| <b>Dokumentasjon</b> .....                      | 10 |
| <b>Barns medverknad</b> .....                   | 11 |
| <b>Felles tema for barnehagane</b> .....        | 12 |
| Trafikksikker kommune .....                     | 13 |
| Lokale satsingsområde.....                      | 13 |
| <b>Mat og måltider</b> .....                    | 13 |
| <b>Samarbeid mellom heim og barnehage</b> ..... | 14 |
| Tverrfagleg samarbeid .....                     | 14 |
| <b>Overgangar</b> .....                         | 15 |
| Tilvenning i barnehagen .....                   | 15 |
| Overgang mellom avdelingar .....                | 15 |
| Overgang barnehage - skule .....                | 16 |
| <b>Kontaktinformasjon</b> .....                 | 16 |

*Alle foto er private.*

## **Føremålet med barnehagen**

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er med skaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

*Kjelde: Rammeplanen 2017 (R17):19*

## **Leik, omsorg, danning og læring**

### Leik

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og den skal vere ein arena for utvikling og læring og sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne.

*Kjelde: R17:20*



### Omsorg

I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit både til seg sjølve og andre. Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar.

*Kjelde: R17:19*

### Danning


Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til å vere nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratisk fellesskap. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald.

*Kjelde: R17:21*

## Læring

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast og stimulerast. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.

*Kjelde: R17:22*



## **Barnehagen sitt verdigrunnlag**

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ein allsidig utvikling. Å møte kvart individ sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjening og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald, og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

*Kjelde: R17:7*

## **Om oss**

Brunkeberg Oppvekstsenter er ein tre avdelings barnehage og skule frå 1. til 4. klasse, der bygningane deler uteområde. I år vert det ei ny avdeling på huset, kalt «Mølte».

Det er eit godt samarbeid på tvers av avdelingane, der vi samarbeider om enkelte tema i løpet av barnehageåret, samt møtes ved dei ulike arenaene uteområdet byr på, for både barnehage barn og elevar.

Barnehagen har i år 56 plassar fordelt på tre avdelingar, avdeling **Blåbær** med barn frå 1 – 2 år, avdeling **Tyttebær** med barn frå 2 – 4 år og avdeling **Mølte** med barn i 5års alderen.

I Brunkeberg er vi stolte av naturen vi har rundt barnehagen, som byr på rik skog og mark rett på utsida av porten. Dette gir oss fine tur og leik moglegheiter vi nyttar ofte. Dette er utgangspunktet vårt for vår visjon:

**Aktive barn – aktive vaksne, naturen er vår gullgruve ...**



## Fagområde og progresjon

Rammeplanen trekkjer fram at progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barnehagen skal leggje til rette for at barn, i dei ulike aldersgruppene, får varierte høve til lek, aktivitetar og læring. Ved Brunkeberg Oppvekstsenter nyttar vi aldersinndelte grupper i det pedagogiske arbeidet for at barna skal få utfordringar tilpassa eigne føresetnader, erfaringar, kunnskapar og ferdighetar. På denne måten kan personalet introdusere nye perspektiv og opplevingar tilpassa den enkelte aldersgruppa.

Barnehagen skal òg leggje til rette for progresjon i utforminga av det fysiske miljøet. På avdelingane rullerer personalet på leiker og pedagogisk materiell til barna tilpassa barnegruppas alder, og i samanheng med Rammeplanens fagområdet den aktuelle månaden.

Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og desse vil gå inn i kvarandre i det pedagogiske arbeidet med barna. Rammeplanen trekkjer fram at barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområda, og ved Oppvekstsenteret arbeider vi med å trekkje fram eit hovudområde for kvar måned. I arbeidet med fagområda skal barnehagen nytte ulikt materiell for å skape undring, utforsking og skapande aktivitetar med barna.

*Kjelde: R17:44.*

### Årets fagområdeplan:

**August & September** – Tryggleik og relasjonar.

I byrjinga av barnehageåret vel vi ved Brunkeberg Oppvekstsenter å fokusere på tryggleik og relasjonsbygging i barnegruppa mellom barna, samt mellom barna og personalet på avdelingane. Dette vel vi å fokusere på for å leggje grunnlaget for utvikling og læring i det kommande året.

*Kjelde: R17:49.*

**Oktober** – Sosial kompetanse.

På bakgrunn av nye barnegrupper for både små og store, ynskjer vi å fokusere på sosial kompetanse og korleis vi har det i samspel med andre. Rammeplanen trekker fram at «*barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler*» ... Og at vi i personalet skal «*bidra til at barna trivast og opplever livsglede,*



*mestring og ei kjensle av eigenverdi ...» Det ligg eit stort ansvar knytt til tematikken, og vårt viktigaste arbeid er fokuset på barnets best, og dette er eit arbeid vi vil arbeide med saman med barna og dykk i heimen.*

*Kjelde: R17:11.*

I tillegg til sosial kompetanse kjem vi i oktober til å gjennomføre ei brannvern veke med fokus på Bjørnis – materiell, brannøvelse og eit besøk av brannbilen.

### **November – FORUT.**

Oppvekstsenteret har vore med på FORUT sin barneaksjon og vi fortsett i år med «Biswas og de magiske fjellene» 2022/2023. *(dersom du ynskjer meir informasjon kan du inn på FORUT si nettside [www.forut.no](http://www.forut.no)). Personalet kjem til å nytte det pedagogiske materialet FORUT har tilsendt.*



*(bilete er henta frå <https://forut.no/barneaksjonen/>)*

### **Desember & Mars – Etikk, religion og filosofi, & Kunst, kultur og kreativitet.**

*(Grunnlaget for at vi vel mars mnd er fordi påska i år vert i starten av april, og da vel vi å arbeide med tematikken i forkant)*

Fagområdet *Etikk, religion og filosofi* trekkjer fram at det er med på å forme korleis vi oppfattar verda og individ, samt at det vil vera med på å prege verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal skape ei interesse for det mangfaldet som er representert i dagens samfunn og forståinga for livsverda og levesetta til andre menneske. Barnehagen arbeider med å reflektere rundt og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som personalet skal gi barna kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen. Gjennom arbeidet med fagområdet kan vi bidra til at barna dannar ei forståing for at det er ulike måtar å forstå ting på og leve saman på. Vi kan gjennom samtaler og undring gi barna moglegheita til å sjølv formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.

*Kjelde: R11:54-55.*

Kombinert med fagområdet *Etikk, religion og filosofi*, vil vi trekke inn fagområdet *Kunst, kultur og kreativitet* på bakgrunn av tradisjonar knytt til verkstadar (*eksempelvis joleverkstad*),



utforming av kreativ jole – og påskepynt, jolegåver o.l. Kunstnariske og kulturelle opplevingar i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsløse, deltaking og skapande arbeid, og desse skal vi i personalet støtte opp under. Rammeplanen trekkjer fram at vi må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka som kjem til syne hos barna.

*Kjelde:* R17:50-51.

Ein tradisjon vi har ved Oppvekstsenteret er å invitere foreldre med på jolefrukost i desember. Dette opplever vi som ein hyggeleg og fin samankomst, vi ynskjer å halde fram med, samt utvide. Vi ynskjer med det å gjennomføre det rundt påsketider òg.

### **Januar – Kropp, bevegelse, mat & helse.**

Frå småbarnsalderen tileignar barn seg gode vanar og handlingsmønster som kan vare livet ut. Uteområdet ved Brunkeberg Oppvekstsenter og skogen som nærmaste nabo byr på allsidige rørsleerfaringar året rundt, og naturen vert ei gullgruve for gode læringsprosessar. Barna skal inkluderast i aktivitetar som byr på bevegelse, leik og relasjon med andre barn, samt opplevinga av meistring og motivasjon ut frå egne føresetnader.



Rammeplanen trekkjer fram at barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve glede til bevegelse, mat og matkultur. Brunkeberg Oppvekstsenter vel å ha eit sunt og variert kosthald, med eit dagleg innslag av fisk, frukt og grønt, som kan gje barna gode kostvanar, samt i år arbeidet med «*Liv og Røre*» (sjå *Lokale satsningsområder*). Rammeplanen trekkjer fram at personalet skal leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til glede rundt måltidet, deltaking hos barnet, samtalar og følelsen av å vera del av eit fellesskap.

*Kjelde:* R17:49-50



**Februar** – Kommunikasjon, språk og tekst & Mengde, rom og form.

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Barn nyttar ulike kommunikasjonsformer og språk dagleg, og personalet skal skape varierte språkmiljø der barna får oppleve glede ved å nytte språk og kommunisere med andre. Gjennom arbeidet med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna nyttar språket til å danne relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar. Fagområdet *Kommunikasjon, språk og tekst* er eit nødvendig reiskap i arbeidet med dei andre fagområda Rammeplanen trekkjer fram, og ei viktig brikke i å kunne inkludere alle barna i barnehagens daglege aktivitetar.



Kommunikasjon, språk og tekst er eit grunnleggjande fagområde vi arbeider med dagleg, og vi i personalet kan nytte varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer saman med barna, som vidare kan invitere til gode samtaler, refleksjonar og spørsmål. Kombinert med *Kommunikasjon, språk og tekst* trekker vi inn fagområdet *mengde, rom og form* der arbeidet skal stimulere barnas nygjerrighet, undring og motivasjon til problemløysing. Det er eit leikande og undersøkjande fagområde der vi kan samanlikne, plassere, sjå på ulike former, sortere og telje.

*Kjelde:* R17:49 & R17:53.

I februar kjem vi òg til å trekke inn fagområdet *Kunst, kultur og kreativitet* med utgangspunkt i gjennomføringa av eit karneval for barna. Her skal barna sjølv vera med på å utforme antrekk og rom for aktiviteten.

**April** – Natur, miljø & teknologi.

Naturen vil vi hevde er ei gullgruve for barn. Barnehagen skal leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og å nytte naturen som ein arena for leiken, undringa og forskinga som ligg oss naturleg, samt ein arena for læring. Gjennom arbeid med fagområdet er det grunnleggjande at vi i personalet bidreg til at barna får gode friluftsopplevingar året rundt, for



at barna kan halde fram med å ville ferdast i naturen, vera nysgjerrige på naturens ulike fenomen og å føle ein tilhøyrslse til naturen for å kunne ta vare på den.

*Kjelde: R17:52.*



### **Mai & Juni – Næmiljø & samfunn.**

Barnas erfaring og medverking i det indre livet i barnehagen kan vera det første steget for å få ei innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Rammeplanen trekkjer fram at barnehagen skal bidra til kunnskapar og erfaringar med lokal tradisjon, lokale samfunnsinstitusjonar og yrkesgrupper, slik at dei kan få ei innsikt og oppleving av tilhøyrslse til nærmiljøet sitt. Personalet i barnehagen må vera gode på å bidra til at barna vert oppmuntra til å medverke i eigen kvardag.

I dagens samfunn møter vi på ulikhetar både som individ og i gruppe, og fagområdet nærmiljø og samfunn trekkjer fram at vi skal bli kjent med ulike tradisjonar, levesett og familieformer. Her kan barnehagen belyse viktigheten av mangfold på ulike måtar, eksempelvis trekke inn aktivitetar knytt til pride.

*Kjelde: R17:55-56.*

## Juli – Sosial kompetanse og leik.

Som starten av barnehageåret ynskjer vi og å avslutte barnehageåret med sosial kompetanse. Nye kapittel skal starte for både små og store, overgangar mellom avdelingar, samt barnehage og skule, og midt oppi den spennande prosessen må vi ikkje gløyme kvarandre. Rammeplanen trekkjer fram at «barnehagen skal vera ein kulturarena der barna er med skaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede».



Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit, både til seg sjølv og andre. I sommarmånadane arbeider vi med overgangar og samarbeid på tvers, og vi vil nytte leiken aktivt i arbeidet med barna. Som rammeplanen trekkjer fram skal leiken ha ein sentral plass og anerkjennast for dens eigenverdi. Leiken er ein arena for læring, utvikling og samhandling, både sosialt og språkleg. «Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre».

Kjelde: R17:19-20.

## Kartlegging

Barnehagane i Kviteseid brukar eit skjema for kartlegging som heiter TRAS. Dette er eit skjema for Tidleg registrering Av Språkutvikling, som registrerer barnets ferdigheit når det gjeld:

- Samspel, kommunikasjon og merksemd
- Språkforståing og språkleg medvit
- Uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon.

## Kartlegging

Alle førskulebarna får tilbud om å gjennomføre kartlegging med Dysmate (Nytt navn på literate) i november året før skulestart. Dysmate er utvikla for å avdekke lese- og skrivevansker og dysleksi hos barn, ungdom og vaksne. Det er viktig å identifisere barn med risiko for å streve med lesing og skrivning tidleg, både sidan forskning viser at tiltak er mest effektive til yngre barna er og med tanke på tidleg innsats. Ved å ta kartlegginga på hausten gjev det oss og ein moglegheit for å legge inn ein ekstra innstas før skulestart. Kartleggingsverktøyet er digitalt, og barna svarar munleg og ved å trykke på ipad. Førskulebarna tek deltestane som kartlegg arbeidsminne, hurtigbenedvning, fonemisolasjon og bokstavkunnskap. Gjennomføringa tek ca 15 min. Denne er det spesialpedagog i kommunen som gjennomfører.

I tillegg brukar vi ofte kartleggingsverktøy som TRAS og Alle Med. Desse registrerar ferdigheitar når det gjeld:

- Samspel, kommunikasjon og merksemd
- Språkforståing og språkleg medvit
- Uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon

## Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagens myndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.



*Kjelde: R17:39*

Ved Brunkeberg Oppvekstsenter nyttar vi bilete som ein stor del av å synleggjere det pedagogiske arbeidet for foreldre og barn i barnehagen. Bilete blir hengd opp på avdelingane og på dører gangane, og bytta ut jamleg for å vise nye opplevingar og læringsprosessar barna er deltakande i. Personalet kan ofte observere og høyre gode samtaler barna imellom rundt det dei ser på bileta, samt samtaler mellom barn og foreldre der barna fortel deira oppleving i hente – og bringe situasjonen. Bilettdokumentasjon nyttar vi òg i permar som har fylgt barna frå barnehagestart – til slutt. I tillegg til dokumentasjon gjennom bilete er avdelingane utstyrt med tavler personalet nyttar til å skrive opp beskjedar og informasjon føresette kan innhente.

Kvar månad skriv pedagogiske leiarar månadsplan og månadsbrev foreldre mottek som synleggjer barnas kvardag og vår pedagogiske praksis knytta opp mot *Rammeplan for barnehagen (R:17)*.

Felles refleksjonar over barn og praksis er avgjerande for å skape ein barnehage som heile tida er i bevegelse for å utvikle seg. Vi brukar tid på å vurdere, reflekter og evaluere rutinar, aktivitetar, arbeidsmetodar og barns trivsel for å aktivt kunne skape ein god og trygg barnehage. Samarbeidsarenaer som Personalmøte, planleggingsdagar og FSB- møte med PPT har alle til hensikt å skape refleksjonar over praksis og endre den til det betre.

## Barns medverknad

*Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §§1 og 3.*

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Med aldersdelte avdelingar er det lettare for barna å medverke sin kvardag. Det er tatt hensyn til alder, modenskap og behova til kvart enkelt barn. Frileik og eit variert måltid dannar eit godt grunnlag for barns medverknad i løpet av dagen.

### Blåbær.

På småbarnsavdeling må ein kunne lese kroppsspråk og observere kva barna ynskjer å leike med. Her må vi som personal leggje til rette for kva barna ynskjer og uttrykkjer, ha eit variert innhald som er tilpassa ulike behov, ha synleg og tilgjengeleg leikemateriell.

### Tyttebær & Mølte

På storbarnsavdeling er variasjon og observasjon svært viktig. Samtaler med barna, spørje kva dei ynskjer, tilrettelegging, tilgjengelegheit og frileik. Leikestasjonar med moglegheit for rolleleik etter barnas ynskje og leiker som er tilpassa kvart enkelt barn og deira føresetnadar. På Tyttebær er det eit alderssprik frå 2 – 4år, og derfor blir det naturleg å nytte lesing av kroppsspråk inn i medverkinga saman med barna som på Blåbær.



# Felles tema for barnehagane

## Inkluderande barnehagemiljø

01.01.21 fekk barnehagane nytt lovverk kring retten til eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø. I Kviteseidbarnehagane har vi allereie hatt dette som satsingsområde i ein periode og ynskjer å halde fram. I tillegg til å vere anerkjennande vaksne som ser og møter barna på deira behov ynskjer vi å ha fokus på korleis fysisk aktivitet og sunt kosthald kan bidra til å skape eit inkluderande barnehagemiljø gjennom prosjektet med liv og røre.

## Liv og røre

Barnehagane i Kviteseid kommune er frå hausten 2022 med i prosjektet «Liv og røre» gjennom Vestfold og Telemark Fylkeskommune. Prosjektet skal bidra til betre helse og trivsel for barnehageborn gjennom kosthald og matglede, fysisk aktivitet og bevegelsesglede og det psykososiale miljøet.



Gjennom Liv og røre skal vi bli enda betre på å bruke alle dei moglegheitane vi har i barnehagen til å fremme fysisk aktivitet. Det vil vi gjere gjennom fleire turar og fysisk leik i naturen, ulike aktivitetar og leikar, ein fast dag i gymsal og meir. De kan lese meir om prosjektet ved å fylgje linken

[Liv og røre i Vestfold og Telemark \(vtfk.no\)](https://www.vestfoldtelemark.no/liv-og-roere)

Eit sunt og godt kosthald jobbar vi allereie mot ved Brunkeberg oppvekstsenter, barnehagen, men kjem til å ha meir fokus på dette og vil inkludere borna meir i matlaging, smakar og utforsking. Fysisk aktivitet er også allereie i stor grad på planen men vi jobbar for å bli enda meir bevisst om korleis vi kan legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen.

Allen er ressursperson for mat og måltid og Marit Grave er ressursperson for fysisk aktivitet. Prosjektet er allereie i gong. Personalet var på kurs på planleggingsdagen og jobbar aktivt med dette gjennom planar og kvardagen i barnehagen.

## Trafikksikker kommune

Kviteseid kommune jobbar etter Trygg Trafikk sine kriterier for trafikksikker kommune.

**Mål:** Vi skal bidra til å gje barn gode haldningar til åtfærd i trafikken.

Tema trafikktryggleik er ein del av fagområdet *Nærmiljø og samfunn*. På denne måten er trafikkopplæring ein integrert del av omsorgs- og opplæringsarbeidet i barnehagane. Barna lærer om trafikkreglar og korleis dei skal forstå trafikkbiletet når dei er på ulike turar. Dei lærar også om bruk av bilbelte, hjelm og refleks.

Trafikktryggleik er tema på foreldremøte. Mellom anna er barnehagen opptatt av trafikktryggleik i samband med vegen til og frå barnehagen.

## Lokale satsingsområde

I det pedagogiske arbeidet ved oppvekstsenteret praktiserer vi grupper i kvardagen basert på barns alder og føresetnader. På denne måten er det lettare å tilpasse seg barnets behov og utvikling.

I barnehagen vert toåringane delt på to avdelingar i år. Her ynskjer vi å gjennomføre 2 – årsklubb som ein felles møtearena for jamnaldrande. Utgangspunktet for klubben er sosiale samspel og aktivitetar knytt til deira føresetnad.

## **Mat og måltider**

Måltidene i barnehagen er ein viktig del av kvardagen i barnehagen og barnas totale kosthald, utvikling og helse. Barnehagane har eit medansvar for at barn får i seg riktig mat og å lære barna gode matvanar. Barnehagane i Kviteseid kommune følgjer difor helsedirektoratet sine retningsliner for mat i barnehagen.

Barnehagen serverer tre måltid om dagen (frukost, lunsj og ettermiddagsmat). Ved lunsj og ettermiddagsmåltidene er det alltid grovt brød, fisk og kjøttprodukt, meieriprodukt, grønsaker, frukt og bær på bordet. Det serverast mjølk og vatn til alle måltidene. Barnehagane har fokus på eit variert tilbod som sikrar at barna får smake ulik mat, og dermed kan lære å like fleire forskjellige smaker,



lukter og konsistensar. Barnehagen har gode rutinar for handvask før og etter måltidene og toalettbesøk.

Personalet tek aktivt del i måltidet gjennom samspel med barna, sitte sammen og dersom mogleg ete sammen med barna. Måltida har, i tillegg til å skulle gi barna energi og næringsstoff, stor betydning som sosial og kulturell arena. I barnehagekvardagen er måltidet som sosial arena viktig for møtet mellom barn og mellom barn og vaksen. Måltidet gjev ei strukturert ramme for samspel, deltaking og dialog, og er viktig for fellesskapet og for å skape trivsel. Personalet er viktige rollemodellar, og barna lærer av kva dei gjer og korleis ein skal vera saman rundt eit matbord

*Kjelde:* Retningslinjer for mat i barnehagen, Helsedirektoratet

## **Samarbeid mellom heim og barnehage**

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehagelova §1). Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. For å få til det, prøver vi å få så god kontakt med heimen som mogeleg. At personale og foreldre møter kvarandre, snakkar saman og ser på samarbeid som viktig, er ein grunnleggjande føresetnad. Vi ynskjer at foreldra skal bli godt kjende med oss, og få tillit til oss i barnehagen. Det er viktig at foreldra veit korleis barna har det i barnehagen, slik at dei kan vera trygge for barna den tida dei er her. Den viktigaste kontakten skjer dagleg ved levering og henting.

Vi vil ha 1-2 foreldremøte og 1-2 foreldresamtaler i løpet av året.

På foreldremøta blir mellom anna barnehagens innhald og planar diskutert. Det blir forventat at dei som har barn i barnehagen møter på desse møta. Det er viktig slik at personalet og foreldra saman kan finne ut kva som er det beste tilbodet til barna. Møta kan òg bli bruka til å ta opp diverse tema. Kom gjerne med ynskjer!

### **Tverrfagleg samarbeid**

Barnehagane i Kviteseid har samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Der har vi FSB -møter (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen) 4 gongar i året. I desse møta kan vi drøfte barn med problem eller vanskar, etter samtykke til dette frå føresette. Ved vidare vanskar kan vi melder saka til PPT i samarbeid med føresette. PPT utreiar vanskar og arbeidet munnar ut i ei sakkunnig vurdering. PPT gjev også råd og rettleiing til personalet og føresette.

Helsestasjonen samarbeider vi m.a. med ved at vi har ulike kartleggingsverktøy for barna. Mange av desse er knytt til språk og språkutvikling. Helsestasjon har t.d. «Språk 4», medan barnehagen har «TRAS» . Barnehagen og Helsestasjon kan samarbeide seg i mellom etter samtykke frå føresette.

Kviteseid kommune har spesialpedagog for barnehagane. Spesialpedagogane har ansvar for å fylgje opp barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp. I tillegg kan spesialpedagogane jobbe førebyggjande med enkeltbarn eller barnegrupper.

Barnevernet kan og hjelpe barnehagen og heimen ved behov.

## Overgangar

### Tilvenning i barnehagen

I Brunkeberg barnehage brukar vi mykje tid på å danne gode relasjonar og tryggleik mellom barn - vaksne og barn - barn. I forkant av tilvenningsperioden er det satt av ein besøksdag for nye barn og foreldre. Tilvenningsperioden er vanlegvis over tre dagar, der vi nyttar tida godt til å bli kjend, skape tryggleik og etablere relasjonar. Utover dei tre dagane brukar vi hausten til dette arbeidet.

Som rammeplanen seier skal vi sørgje for tett oppfølging slik at barnet opplever ein tilhørighet og trygghet til å leike, utforske og lære (*Kjelde: R11:33*). For oss er det også viktig at foreldrene føler ein trygghet, for å danne eit godt foreldresamarbeid. Opplever barna god relasjon mellom foreldrene og personalet, vil det gje eit godt grunnlag for tilvenningsperioden.

### Overgang mellom avdelingar

Rammeplan for barnehagen er tydeleg på at barnehagen skal tilpasse rutinar og danne rom og tid til at barnet får moglegheit til å bli kjent, danne relasjonar og bli trygg på personalet og andre barn i barnehagen (*Kjelde: R11:33*). Ved Brunkeberg Oppvekstsenter organiserer vi besøksdagar for barna som skal frå avdeling Blåbær og over til avdeling Tyttebær, ei gong i veka etter påske og fram til sommarferien. Personalet opplever at dette er ein god måte å organisere overgangen på, og barna får god tid til å bli kjent, danne ein byrjande relasjon og trygghet til personalet på avdeling Tyttebær.



## Overgang barnehage - skule

Barnehagane har i samarbeid med skulen utarbeida ein eigen plan for overgang skule jf. Opplæringslova § 13-5 og Barnehagelova § 2a. Denne finn du på heimesidene til kommunen.

## Kviteseid kommune



### Barnehagerute 2022-2023

#### **Brunkeberg oppvekstsenter**

Fyrste dag i barnehagen: Onsdag 17.august

Siste dag før jol: Torsdag 23. desember

Fyrste dag etter jol: Onsdag 3. januar.



Barnehageåret sluttar ved start på nytt skuleår

#### **Barnehagane er stengde i vekene 29 og 30 på sommaren, mellom jol og nyttår, i påskeveka og på fylgjande kurs- og planleggingsdagar:**

Mandag 15.august 2022.

Tysdag 16. august 2022.

Fredag 11.November 2022

Måndag 02.januar 2023

Fredag 19.mai 2023

## Kontaktinformasjon

**Brunkeberg Oppvekstsenter, barnehagen;** 350 55 360.

**Assisterande einingsleiar, Anne Helen Berge;** 350 55 360.

**Avdeling Blåbær;** 409 00 275.

**Avdeling Tyttebær;** 906 37 832.

**Avdeling Mølte;** 91159846